



Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane

Saksbehandlar, innvalstelefon

Karoline Aldis Bjerkeset, 5764 3093

Stimuleringstilskot til kommunale veterinærtenester 2019 - utlysing

Vi syner til brev frå Landbruksdirektoratet 31.01.2019 sendt til kommunane om stimuleringsmidlar til kommunale veterinærtenester i 2019. Vi syner vidare til rundskriv 2018-51 frå Landbruksdirektoratet.

Her går det fram at Stortinget har løyvd samla 44,321 mill. kroner til stimuleringstiltak som skal medverke til tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester i kommunar med svakt næringsgrunnlag for veterinærane. Av desse midlane er Hordaland fylke tildelt kr 4 427 000 kr og Sogn og Fjordane tildelt 3 959 000 kr.

Det er fylkesmannen i Vestland som gjer vedtak om tildeling av midlane etter handsaming av søknader frå kommunane i tråd med føringar gjeve av Landbruksdirektoratet.

Kven kan søkje

Alle kommunar og vakt-distrikt i Sogn og Fjordane og Hordaland kan søkje om midlar til tiltak. Det er administrasjonskommunen som søker på vegne av vakt-distriktet. Vi oppmodar kommunane til å ha god dialog med veterinærane i distriktet og kommunane i mellom for å finne dei gode tiltaka som kan medverke til tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester.

Søknadsfrist

Fristen for å søkje om midlar til stimuleringstiltak vert sett til **22. mars**.

Eventuelt tilskot gjeld for 2019, sjølv om tiltaket kan vare lengre enn tilskotsåret.

Vi har utarbeidd eit enkelt søknadsskjema som vi ber dykk nytte når de søker om midlar til tiltak. I skjemaet ber vi dykk også kort skildre korleis tiltaket/tiltaka vil kunne ha verknad på veterinærtilgangen i dykkar kommune/vaktområde. Skjemaet er vedlagt dette brevet.

Føringar og vurderingsgrunnlag



Rundskriv 2018-51 frå Landbruksdirektoratet legg føringar for prioriteringar som fylkesmannen skal gjere ved handsaming av søknadane.

Stimuleringstilskota skal medverke til veterinærtilgang på dagtid. Tilskotet skal ikkje nyttast til å dekke kostnader til klinisk veterinæravakt utanfor arbeidstid, dette vert dekkja gjennom vakt- og administrasjonstilskot som alle kommunar får direkte frå Landbruksdirektoratet. Tilskotet skal heller ikkje gå til andre tiltak som får midlar frå andre ordningar over jordbruksoppgjeret eller statsbudsjett.

Frå rundskrivet heiter det at midlar skal prioriterast til kommunar som har problem med å få stabil tilgang på veterinærtenester og som legg planar for gode, lokale løysingar.

Dei viktigaste kriteria er:

- a) *«Kommuner med dårlig næringsgrunnlag skal prioriteres.*
- b) *Lavt dyretall og krevende infrastruktur bør være blant kriteriene for tildeling av tilskudd.*
- c) *At stimuleringstiltaket er hensiktsmessig for å bidra til å sikre tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell, vil være relevant å tillegge vekt.*
- d) *At det er vanskelig å rekruttere og beholde veterinær vil være relevant å tillegge vekt.*
- e) *De mest aktuelle stimuleringstiltakene er etableringsstøtte, driftsstøtte samt å opprette kommunale veterinærstillinger hvor den ansatte også kan bidra til å løse ulike oppgaver i kommunen hvor veterinærens kompetanse kommer til anvendelse. Også andre stimuleringstiltak kan være aktuelle.»*

Landbruksdirektoratet utarbeidde eit hjelpemiddel i 2018 som også vert nytta i lag med kriteria og våre vurderingar av søknadane. Dette hjelpemiddelet er eit rekneark som syner tal dyr per kommune vekta etter antatt innteningsgrunnlag for veterinærane etter dyreslag.

Prioritering og tildeling av midlar frå fylkesmannen vil vere resultat av ei heilskapleg vurdering av desse faktorane.

Vi syner elles til [rundskriv 2018-51 som de finn på Landbruksdirektoratet sine heimesider](#).

Rapportering 2018

Vi minner også om rapportering på tildelte midlar for 2018. Dei kommunane som fekk midlar i 2018, må rapportere på desse før eventuell ny tildeling kan skje.

Har de spørsmål knytt til ordninga eller søknad, ta kontakt.

Med helsing

Christian Rekkedal (e.f.)
landbruksdirektør

Karoline Aldis Bjerkeset
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

1 Søknadsskjema stimuleringsmidlar 2019



Mottakerliste:

Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vågsøy kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Balestrand kommune	Rådhuset	6899	BALESTRAND
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Leikanger kommune	Skrivarvegen 7	6863	LEIKANGER
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Fusa kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Granvin herad	Postboks 13	5733	GRANVIN
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Selje kommune	Kommunehuset	6740	SELJE
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Eid kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Gaular kommune	Vadheimsvegen 15	6973	SANDE I SUNNFJORD
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	JONDAL
Jølster kommune	Kommunehuset	6843	SKEI I JØLSTER
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Flora kommune	Postboks 13	6901	FLORØ
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM



Årdal kommune	Postboks 40	6881	ÅRDALSTANGEN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Fjell kommune	Postboks 184	5342	STRAUME
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	KINSARVIK
Voss kommune	Postboks 145	5701	VOSS
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Førde kommune	Postboks 338	6801	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Naustdal kommune	Postboks 43	6806	NAUSTDAL
Os kommune	Postboks 84	5202	OS